

Vest Agder Ungdomslag

Årsmelding for Agder folkemusikk - og folkedansnemnd 2022

Nemnda for Agder folkemusikk og folkedans 2022 har bestått av :

Leiar: Gunvor Syvertsen

Medlemmer: Hillbjørg Tveit, Svein Jepsen, Toralf Skoland, Tor Steinar Fromreide og Arild Mulstad Syvertsen

Sekretær: Tor Steinar Fromreide

Møte: Vi har hatt 3 AFF-møte. Vi hadde også eit hastemøte der 4 av medlemmene i AFF-nemnda var samla for å drøfte om AFF skulle gje støtte til eit polskurs som Liv Arvidsson og Anne Beate Guldal skulle arrangere. Dette blei løyvt, men det blei ikkje noko av kurset.

Aktivitetar: Det blir framleis jobba med Toralf sitt (film)prosjekt. Ein del songar og melodiar frå Agder er spelt inn og filma. Og det er gjort danseopptak av springedans frå Fjotland og halling. 3 av filmane er ferdige.

Samarbeidsdansen er godt i gang.

1. 20. februar Heimtun i Lyngdal: Det møtte 30 deltakarar. Danseleiar: Tor Steinar Fromreide. Musikk: Toralf Skoland, Nils Seland, Kathrine Skoland, Marianne Bøksle og Terje Lauen.
2. 13. mars Ljosheim i Mandal: Det møtte 28 deltakarar. Danseleiar: Osmund Valand. Musikken var av Toralf Skoland, Terje Lauen og Kathrine Skoland.
3. 3. april Vigelandsstua: 32 deltakarar. Danseleiar: Gunvor Syvertsen. Musikk: Toralf Skoland, Nils Seland, Kathrine Skoland, Terje Lauen og Margrethe Wold
4. 9. oktober Heimtun: 30 deltakarar. Danseleiar: Tor Steinar Fromreide. Musikk: Toralf Skoland, Kathrine Skoland, Terje Lauen, Nils Seland og Marianne Bøksle.
5. 20. november Ljosheim: 35 deltakarar. Danseleiarar: Otto og Berit Kragh. Musikk: Toralf, Kathrine, Terje
6. 4. desember Vigelandsstua: Danseleiar: Borghild Løver. 28 deltakarar. Musikk: Toralf, Kathrine og Terje.

Vårfest: Den blei halden på Heimklang i Søgne 23 april. Om lag 60 deltakarar. Musikk: Lista Trekkspillklubb, Hægebostad Trekkspillklubb, Agder Spelemannslag og Villstrå.

Haustfest har vi ikkje hatt i 2022.

AFF har etterspurt eit samrådsmøte med styret i VAUL med tema *Danseaktivitetar i Agder 2023*. Føremålet er å få ein oversikt over danseaktivitetar i lokallaga, og kurs og aktivitetsønske frå «eldsjeler i dans og dansespel». Og kva slags økonomiske søknader skal godkjennast av AFF? Dette har vi ikkje fått til endå.

For Agder folkemusikk - og folkedansnemnd:

Gunvor Syvertsen